

Fascisme mellom modernisering og liberalisering

– Eg ser på fascismen som del av ein global impuls, som spring ut av den ujamne balansen mellom modernisering og liberalisering. Når balansen blir broten, er faren for fascisme størst, seier Steir Ugelvik Larsen.

Han har vore redaktør for ein internasjonal trilogi om emnet. Det siste bandet, som over 20 forfattarar står bak, tek særleg for seg fascismen utanfor Europa, men Ugelvik oppsummerer også ein del fascismeteoriar som har kome fram under arbeidet.

– Akademikarar vegrar seg for å definere fascisme, fordi det er så mange politiske motiv involverte. Det viktigaste er å finne samanhengar og felles trekk ved ulike «fascismar», seier han.

SIDE 6-7

KULTUR

«Dag og Tid»
Nr. 25. 21/6 2002

Fascisme som ubalanse

– Fascismen er overvunnen, men demokratiet er skjørt, seier Stein Ugelvik Larsen. Han har fullført ein internasjonal trilogi, som i siste bind tek for seg fascismen utanfor Europa.

Roald Helgheim
roald@dagogtid.no

Det er forlaget Columbia University Press som er utgjevar av verket, som i 1998 opna med to band og nær to tusen sider om *Modern Europe After Fascism 1943-1980*. Mellom dei seksti forfattarane var også Bernt Hagtvedt, som var Ugelviks medredaktør. Den vel 800 sider tjukke *Fascism Outside Europe* er siste utgjeving i det Ugelvik Larsen ikkje kallar eit historieverk, men ein trilogi.

– Det kom med mange års mellomrom, og i sluttkapittelet no, har eg gjort nokre konklusjonar omkring fascismeteoriar som er bygd på idear frå dei to første bøkene, men som er vinkla på den globale situasjonen, seier redaktøren, som er førsteamanuensis ved Universitetet i Bergen, og er med i eit stort internasjonalt nettverk av forskarar. Boka inneheld 25 kapitlar, om Kina, Japan, Australia, Sør-

aust-Asia, Sør-Afrika, fleire land i Midt-Austen, Latin-Amerika, USA og Canada. Her er også fire kapitlar om kva utbreiinga av fascisme frå Europa har hatt å seie for den ikkje-europeiske fascismen.

– Franco-Spania og Salazar-diktaturet i Portugal var dei siste etterlevningane av den fascismen som voks fram på byrjinga av 1900-talet, men som for det meste var nedkjempa etter den siste verdenskrigen. Dei nynazistiske og fascistiske røysene av i dag har berre symbolsk slektskap med fascisme og nazismen i si opphavlege form, seier Stein Ugelvik Larsen. Mange har prøvd seg på ein eksakt definisjon av fascismen, men Ugelvik er like skeptisk til det som til å tidfeste nøyaktig når fascismen oppstod.

Latent

– Eg ser på fascismen som del av ein global impuls som spring ut av den ujamne balansen mellom modernisering og liberalisering. Denne impulsen har vore til stades som ei latent kraft i alle land, og han kunne springe ut i ulike «fascismar» og med ulik oppslutning, avhengig av nasjonale og historiske trekk, seier Ugelvik Larsen.

Etter ein internasjonal konferanse i Bergen i 1974 kom boka *Who were the fascists? Social Roots of European Fascism 1918-1947*. Ein ny konferanse i 1985 var stat-

ten på det store nye fascismeverket. Så kom oppløysinga av Sovjetunionen, og muren fall, og med frigjeringa av arkivmaterialet til regima i aust, kom etterkrigshistoria i eit dramatisk nytt lys. Den siste boka er eit resultat av ein konferanse i Berlin i 1992, og i Bad Homburg i 1994.

– Oppgjeret med gamle regime har som oppgåve å legitimere dei nye. Det gjeld både i aust og vest. I aust skulle «antifascismen» rettferdiggjere kommunismen, i vest skulle oppgjeret trygge og legitimere det parlamentariske demokratiet, seier Ugelvik Larsen. Han meiner at mange freistnader på å definere fascismen også er politisk motiverte.

– Akademikarar flest vegrar seg for å definere fascismen. Tyske og italienske forskarar har vore opptekne av å påvise at deira fascisme kvar for seg var «unik» og ikkje kunne samanliknast med andre. Andre har meint at den tyske nazismen vart ufarleggjord ved at han vart samanlikna med fascismen andre stader. I Italia, Spania og Portugal likar ein ikkje å få «sin» fascisme samanlikna med Det tredje riket. Det same ser ein utanfor Europa. Japanarane blir aggressive om ein samanliknar dei rasistiske felttoga deira mot Kina og andre land i Sør-aust-Asia med Hitler sine herjingar i Europa. Dei er nøye på å snakke om «japansk fascisme», seier Ugelvik. Kompa-



Fascismen hadde mange andlet. Her er Eva Peron i 1947 på vitjing hos general Franco, som, ved sida av Salazar-styret i Portugal, utgjorde den siste leivninga av fascismen i Europa.

Foto: Popperfoto, Northampton

sterke spenningar, og liberale tradisjonar opna for uvisse. Utan å samanlikne, vil eg heller seie at kva side ein fall ned på, ikkje var sikkert. Eit felles kjenneteikn er totalitarisme, som fornektar all fri-dom.

Personar

– Kva har personlegdommane hatt å seie for fascismen?

– Dei sterke personlegdommane kunne aksentuere innhaldet, men det er stor skilnad på den japanske keisaren som legitimerande figur og føreren Hitler. Franco og Mussolini var også meir fasadefigurar enn han. Hitler er nok den som personleg spela ei størst rolle, og det er uvisst kva retning utviklinga i Tyskland hadde teke utan han. Men også førarrolla i fascismen må nysansast, seier Ugelvik Larsen.

Han minner om at nedkjempa av fascismen i mange land også innebar ei inkorporering av nokre av elementa etter krigen.

– Det gjaldt også i Noreg. Sterk styring, nasjonalisering, korporatisme og planøkonomi stod sterkt i etterkrigstida, og dei første åra var det sterke krefter i Heimefronten som ville setje Stortinget og parlamentarismen ut av spel. Også demokratiet treng legitimering. Det kan bryte saman mykje lettare enn folk er klar over, seier Stein Ugelvik Larsen.

rative fascismestudier er fulle av fallgruver og politiske motiv som forskarane må vakte seg for. Ein må ikkje henge seg opp i definisjonar, men bli samde om ein del felles trekk.

Holocaust

Utryddinga av jødane har stilt Hitler-Tyskland i ei historisk særstilling som fascistisk regime. Jødeutryddinga var ikkje ei krigshandling, men eit brotsverk mot menneskeætta som kunne gjennomførast effektivt i ly av krigen. Ugelvik Larsen meiner det er viktig at domstolen mot Milosevic held fast på dette prinsippet, som også vart slått fast gjennom Nürnberg-prosessane.

– Det særsegne ved Holocaust var at det grufulle vart så systematisk og konsekvent gjennomført, men vi har hatt både biologisk

utrydding og pogrom mot andre folkegrupper i mange land.

Fascistiske strøymingar i Tyrkia, Midt-Austen, Indonesia Sør-Afrika, Brasil, Argentina, Chile, Mexico, USA, Canada, og påverknaden frå Europa, blir drøfta i boka. Kinas Chiang Kai Chek var meir nasjonalistisk enn fascistisk, meiner Ugelvik, som illustrerer i eit diagram korleis tilhøvet mellom modernisering og liberalisering pregar den politiske utviklinga. Fascismen har hatt størst suksess der moderniseringa har kome langt og liberaliseringa kort (Tyskland, Japan, land i Latin-Amerika, Indonesia, Sør-Afrika, med fleire) eller omvendt (Spania, Portugal, Burma, Thailand, med fleire). I land med liten eller hog grad av begge delar, har fascismen hatt minst sjansje – å gjere suksess.

– Det er ei skjematisk framstilling for å illustrere balansen mellom dei. Når balansen blir broten, er faren for fascisme størst. Liberalisering, som er ein føresetnad for demokrati, har også ein kime til fascisme i seg om ikkje moderniseringa held følge, seier Ugelvik Larsen. Han tykkjer dette er ein meir fruktbar måte å sjå det på enn til dømes det marxistiske synet at fascismen er forlenginga av kapitalisme når kapitalismen ikkje lenger greier å styre.

– Eg trur ikkje på agentteorien som seier at Krupp stod bak Hitler. Det er viktigare å finne samanhengar enn kven ein skal leggje skulda på.

– Kva med samanlikninga av kommunisme og nazisme?

– Begge oppstod i overgangen til eit nytt århundre. på ei tid då moderniseringa var utsett for